



Ein lokal bibelekseget

Ein viktig del av misjonsarbeidet i Mali er å omsetja Bibelen til fulani. Dei første misjonærane som kom på midten av 80-talet hadde berre delar av Markus-evangeliet tilgjengeleg. Om lag 20 år seinare var heile Det Nye Testamentet ferdig omsett. Sidan den gang har nye arbeidarar komen til, og dei har jobba med Det Gamle Testamentet. No er ein del bøker frå GT omsett til fulani, men det er framleis mykje att å gjera. Anne Lise Matre frå NMS var med å omsetja NT. Etter ein pause på nokre år, er ho igjen med i omsetjarteamet, denne gangen for å omsetja GT.

Akkurat no er det ein pause i omsetjingsarbeidet. Årsaka til det er at MELM ønskjer å utdanna den lokale medarbeidaren, Amadou, for å styrka den lokale kompetansen i arbeidet. Amadou er Anne Lise Matre sin næraste medarbeidar. Han studerer no hebraisk og gammaltestamentleg eksegese på FATMES, eit teologisk fakultet i Bamako som NMS er med å støtta. I tillegg studerer han engelsk, samt pensum for gymnas-utdanning.

Amadou gjekk aldri på skule som born, men lærte å lesa av misjonærar i heimlandsbyen sin. Som ung gut hadde han ofte ei bok med seg medan han var ute og gjeta. Medan dyra beita, lærte han seg å lesa. Han les flytande, betre enn mange som har gått på skule heile sitt liv. Etter kvart fekk han også kristen opplæring, og har gått to år på bibelskule.

No har Amadou vore tilsett i 4 år som medarbeidar i bibelomsetjingsarbeidet, og erfaringane med arbeidet hans er udelt gode. Amadou er intelligent og kunnskapstørst, og han er også glad i fulani og ønskjer at omsetjinga skal vera språkleg vakker.

Me trur difor at me har ein god personen til å vera med å omsetja resten av Bibelen til fulani, og ønskjer difor å utdanna han til å kunna gjera ein best mogeleg jobb i framtida. Takk for at de er med å be for Amadou sine studiar og teneste!



Illustrasjonsfoto Foto: NMS-info



Illustrasjonsfoto

Les mer om Mali og
arbeidet på:
nms.no/finndinmenighet

Hva gjør vi i Mali?

I Mali retter arbeidet seg i hovedsak mot fulaniene, et nomadefolk med en sterk og stolt tradisjon. Vi har fokus på å formidle Jesu ord og gjerning på en forståelig måte som ligger tradisjonen nær og bruker tid på å bygge relasjoner til enkeltpersoner for å skape tillit og respekt. I vår måte å arbeide på ønsker vi å ta hensyn til alle sider av menneskers behov. Derfor er vi også engasjert i kampen mot omskjæring av unge jenter og i andre diakonale prosjekt